



MEDLEMSBLAD FOR RYFYLKE LODGE 8 - 023

SONS OF NORWAY DISTRIKT 8

Vårt organisasjonsnummer: 988997382
Ved bruk av Grasrotandelen må organisasjonsnummer oppgis

Bank - Hjelmeland Sparebank: Konto 3353 22 23259

FEBRUAR 2014 – Årgang 17 (stiftet 1997)



SONS OF NORWAY ble stiftet i Minnesota i 1895, og fikk Norge som distrikt nr. 8 i 1982. Foreningen har i dag over 390 lokalforeninger/lodger i USA (D1-D6), Canada (D7+D4) og Norge D8. Medlemstallet totalt er 59300. I Norge er det 14 lokale lodger i drift, med et samlet medlemstall på ca. 1300. Vårt fremste mål er å opprettholde kontakten med det norske Amerika, og arbeide for å sikre/dokumentere emigrasjons-historien som en viktig del av vår nyere norske historie. Det er i dag like mange norskættede i USA som det er nordmenn i Norge. Fra «alle» bygder og byer i Norge reiste folk til Amerika i tiden 1825 – 1925.

Sons of Norway's Hjemmesider:

www.sonsofnorway.com
www.sonsofnorway8.com/

LODDTREKNING

tenker styret å ha denne gang også.

Da må vi spørre etter gevinster igjen.

Det hadde vært veldig kjekt om noen nok en gang kunne bidratt med det.

Styret takker så mye.

INNHold:

Presidenten har ordet	1
Styret	2
Annonser	2, 4 og 8
Referat fra julemøtet	3
Rogalendinger i USA ...	4
Innlegg fra medlemmer	5
Aktivitetsplan	5
Innbydelse fra Viking Lodge	5
Gratulerer. Minneord	5
Sigbjørn Schmidt forteller	6
Gammelnytt	7
Notér deg ...	7
Velkommen til årsmøtet	8

PRESIDENTEN HAR ORDET

Gode medlemmer i Ryfylke Lodge.

Ein mild og våt førjulsvinter er avløyst av ein slitande austavind.

Me skal vel ikkje klaga, kjøreforholda er gode og avlysing av møte slik me måtte før jul i 2012, har me unngått.

På møtet i januar gav Jan Langvik oss eit svært interessant og tankevekkande tidsbilete frå sin oppvekst og sitt yrkesaktive liv. Det var nok mange som kjende seg att! Det er, når ein får det slik i perspektiv, ein ser kor store endringar det har vore i samfunnsliv og daglegliv innafor ein etter måten kort periode.

Sons of Norway har som formål å halda oppe kontakten med det "Norske Amerika". For den eldre generasjonen er slektsbanda tette. Etter som åra går tynnes dette ut og det er ein utfordring å halda kontakten oppe. For min eigen del visste eg ikkje at eg hadde slekt i Amerik før på midten av 1990 tallet. Eg fekk då ein førespurnad om eg kunne skaffa oversikt over etterkommarane til oldemor mi på morsida, Berta Varland frå Varland på Fogn. Bakgrunnen var at i hennar syskenflokk på seks, var fire reist til Amerika og to vart att i Norge. Amerikanarane hadde etter kvart skaffa seg oversikt over alle etterkommarane til dei som reiste, og var interessert i korleis det hadde gått med dei som var att i Norge. Øystein Sandanger på Fogn og eg i Årdal, skaffa oversikt over etterkommarane til dei to som var att i Norge, og sende materialet til Amerika. Seinare fekk me tilsendt eit hefte med namn og adresse på om lag 1500 personar, der om lag halvparten var i USA. Slektsbanda er likevel så uttynna at det krev innsats å ta kontakt og halda han ved like. Det er her Sons of Norway kan vera ein inspirasjon og støtte.

Det er i denne samanheng viktig at organisasjonen sikrar god rekruttering, ellers kan den bokstaveleg talt, døy ut. Eg minner om konkurransen med fine premiar som Distrikt 8 har lyst ut for å stimulere rekrutteringa. Sjå omtale i bladet eller på nettet.

Neste møte vert den 12. februar på Vaulali. Det vert årsmøtesaker med noko attåt. Sjå innkalling sist i bladet.

Vel møtt!

Sigbjørn



VÅRE ANNONSØRER STØTTER OSS – DU BØR ETTERSPØRRE DERES TJENESTER

Styret for Ryfylke Lodge 2014

President
Sigbjørn Schmidt
4137 Årdal i Ryfylke
s.schmidt@online.no
Tlf. 51752446 / 95267992

Visepresident
John Harry Hevrøy
Fjellsv. 11B
4100 Jørpeland
johhevro@online.no
Tlf. 51747761 / 90825915

Sekretær
Jens Inge Børkja
Børkja
4130 Hjelmeland
jens.borkja@inbox.com
Tlf. 45228963

Kasserer
Ingrid Engedal
Ekornvegen 3
4100 Jørpeland
ingrid.engedal@lyse.net
Tlf. 90183024

Finanssekretær UTGÅR

Aktivitetsleder
Astrid Sagård
Ryfylkevegen 2662
4120 Tau
astrid.sagaard@gmail.com
Tlf. 951 45 914

Marshall / Matr.forv.
Pål Barkve
Ryfylkev. 2560
4120 Tau
Tlf. 51746415 / 95253972

Rådgiver
John Harry Hevrøy
Fjellsv. 11B
4100 Jørpeland
johhevro@online.no
Tlf. 51747761 / 90825915

Redaktør
Kåre Abrahamsen
Varhaugvegen 9
4120 Tau
ksa@lyse.net
Tlf. 51746215 / 98476287

Redaksjonskomité
Anna Børkja
Børkja
4130 Hjelmeland
anna.borkja@bluezone.no
Tlf. 47900331

og
Odd Harald Olsen
4130 Hjelmeland
o-haral@online.no
Tlf. 51750512 / 90751907

POST:
Ryfylke Lodge 8-023
Sigbjørn Schmidt
4137 Årdal i Ryfylke

Link til medl.bladet:
Strand Hist. og Ættesogelag:
<http://www.strandhistorie.no/>



**ULLESTAD OG JANSEN
TRANSPORT AS**
VIKANESSET SØR - 4130 HJELMELAND
Tlf 51 75 00 55 - FAX 51 75 00 46



Jansen Betong a.s.
4130 Hjelmeland
Tlf. 51 75 22 61 / 909 21 446
Fax. 51 75 01 59
Betongarbeid - Naturstein - Fliser

SpareBank
SR-BANK

Postboks 8 -
4100 Jørpeland
Filial Tau : Postboks 99 –
4120 Tau
Felles sentralbord : 02002




AS RYFYLKE TRELAST

ALSVIK - 4120 Tau
Telefon 51 74 11 00.
Telefax 51 74 11 01



**STRAND
BYGG AS**
Nordmarka - 4120 Tau
Telefon 51 74 36 00 - 920 79 310 - 11-12

LEDIG ANNONSEPLASS

Velkommen til
TAU PIZZAKAFÉ
PIZZA - KERAB - SALAT - HAMBURGER - BAGUETTE
Åpent mandag - onsdag (10-23) / torsdag (12-23)

TAU PIZZA KAFÉ
Ryfylkeveien 1986
4120 TAU.
Tlf.: 51 74 67 16

LEDIG
ANNONSEPLASS

SKAL DU TIL USA?

Kontakt
Sons of Norway's hovedsamarbeidspartner
for våre gunstige avtalepriser:

USA EXPERTEN

Ellevølen 21, 4480 Kvinesdal
Tlf. 38360204, Faks 38361903
www.usaexperten.no

Flybillletter – Hotell – Leiebiler
Tlf + 47 38 35 02 04 –
www.usaexperten.no
epost: firmapost@usaexperten.no



Sterling

Sterling White Halibut AS
Hundsnes, NO-4130 Hjelmeland
Norway

Tel.: +47 21 56 23 00
Fax: +47 21 56 22 01

www.marineharvest.com
www.sterlingwhitehalibut.com



Hjelmeland Sparebank

ryfylkebanken

Stikk innom og ta en prat med oss om:

- Bank og Forsikring
- Sparing og Lån
- Leasing
- M.m.

Hovedkontor: 4130 Hjelmeland
Telefon sentralbord: 51 75 44 00
Salgskontor Jørpeland – Oldeidegården
4100 Jørpeland
Telefon sentralbord: 51 74 55 50
Åpningstid: 09:00-15:00 man-fre



Referat fra medlemsmøte – 15.01-2014 på Vaulali, Bjørheimsbygd

Tilstades frå styret: Sigbjørn Schmidt, John Harry Hevrøy, Jens Inge Børkja, Astrid Sagård, Pål Barkve, Kåre Sigve Abrahamsen. Fråværande: Ingrid Engedal.

Presidenten ønskte velkommen til totalt 34 stk medlemmer og åpna med nokre minneord om Gerd Torill Melberg som var gått bort 2. januar i år. Ho var medlem i Ryfylke Lodge frå 1999 til sin død.

Etter dei 3 nasjonalsongane fortsette presidenten med litt informasjon: Det er under planleggjing ein dagstur til Rosendal i juni med båt. Meir informasjon om dette kjem seinare. I neste møte blir det val av delegatar til kongressen i juni i Egersund. I samband med rekruttering av medlemmer har Distriktet lagt opp til konkurranse om flest medlemmer verva.

Redaktøren ønskjer at medlemmene er med og skaffar stoff til medlemsavisa.

Bergen Lodge er avslutta, medlemmene der er fusjonert med Haugaland Lodge.

Viking Lodge er 30 år og skal feira dette 8. mars i Kvinesdal. Det er kome invitasjon til å delta der.

Årsmøte blir 12. febr. med Potluck.

Distriktspresident Odd Harald Olsen innsette deretter Astrid Sagård til styret. Ho hadde forfall pga sjukdom då denne seremonien for resten av styret vart avhalden i desembermøtet.

Så fekk me høyra eit svært interessant foredrag av Jan Langvik der han fortalde kva som hadde skjedd i hans 80 ½ årige liv til nå. Han er fødd i 1933 i Stavanger med aner frå Erfjord der Langvik-navnet kjem frå. Faren arbeidde på fjordabåtane og var mykje borte, men han sjølv hadde ei god tid med mora heime. Men då krigen kom blei det vanskeleg. Dei vart først evakuerte til slekt på Hjelmeland. Etter ei tid fór dei tilbake til Stavanger, men der var skulen på Storhaug lagt i ruiner då eit fly datt ned og 4 personar omkom. I 1941 flytte dei til Tau. I 1944 vart far hans teken til fange av tyske soldatar og sendt til Grini saman med mange andre. 12. mai 1945 kunne dei heldigvis ta imot han på jernbanestasjonen i Stavanger, litt tynnare, men elles i bra form. Han (Jan - red.) sjølv var oppteken av sjøen og båtar og ville reisa ut etter endt skulegang, men mor hans nekta. Etter eit friår begynte han i Forsvaret og var der i 6 år, m.a. som instruktør på flyskulen på Fornebu som kaptein. Då han stifta familie vart det vanskelegare å reisa. Han arbeidde då 2 år på kommunalt likningskontor i Strand, den gong med lite maskinelt utstyr, kun reknemaskin og blyant. Deretter arbeidde han 34 år i banken, først som assistent og avslutta som regionbanksjef i SR-Bank i 1995. I løpet av tida i banken opplevde han stor utvikling i arbeidsmetodar. Bl.a. måtte dei i starten rekna alle renter for hand i lange dagar og netter mellom jul og nyttår for å bli ferdige. Seinare vart det registrert data på hullband som over natta vart sendt til Oslo for behandling og retur morgonen etter. Etter ei tid var også det avleggs. Han hadde alltid vore interessert i politikk og i 1995 vart han vald til ordførar. Framleis er han litt med i politikken.

Etter foredraget hadde me matøkt og aktivitetsleiar Astrid Sagård leia ein bolk med underhaldning med allsong og konkurransar, der også fleire deltok med gode historier og glimt frå tidlegare USA-turar.

Før kvelden vart avslutta med song, var det trekning av blomster.

Jens Inge Børkja (sekretær)



Astrid Sagård blir innsatt som Aktivitetsleder av Odd Harald. Hun var syk under julemøtet den 13.12, da innsettingen formelt skjedde.



til president Sigbjørn Schmidt at hun er aktivitetsleder fra nå av. Materialforvalter Pål Barkve i bakgrunnen.



De siste nye i lodgen – Eilert og Astrid Lunde som bor i Stavanger.



På enden av bordet ser vi Harald og Solveig Jansen. Videre har vi Randi Ørsal, Anna Børkja og Anne B. Warland Sæbø ved veggen

Bilde til venstre: Her ser vipresidenten og foredragsholder - Jan Langvik til venstre, som fortalte veldig interessant fra sin oppvekst, og hva han hadde gjort i sitt voksne liv. For øvrig ble Langvik valgt som revisor under julemøtet.




Rogalendinger i USA som deltok i 1. verdenskrig - med fokus på Strand-, Forsand- og Hjelmelandsbuer (del 5,6)

Lisa Knutsen skriver:

"Jeg har funnet i avisene mange artikler om rogalendinger som var med i 1. verdenskrig. Jeg lurte på om dette kunne være noe for Sons. Du må gjerne redigere det jeg har skrevet". Det Lisa viser til er en mengde gamle artikler hun har hentet fra Stavanger Aftenblad, skrevet rundt hundreårsskiftet av en Berthel L. Belleesen som reiste rundt og møtte rogalendingar i USA.

<http://pedersgaten.org/index.php/folk/151-rogalendinger-som-deltok-i-1-verdenskrig-del-5> Strandbuer 1. WW del5



Dette er Peder Voster

— ~~Severin Voster~~, Fiskaa i Strand, 26 aar, reiste vaaren 1913 til Carpio, Nord-Dakota, hvor han slo seg ned som farmer. Han blev utskrevet i mars 1918 og var en maaned i øvelsesleir, førend han blev sendt til Frankrig. Han er søn av Ole Voster og hustru Bertha.

I et brev til sine forældre 22. december skriver han: »Vi er nu sta-

tioneret i en liten by i Belgien, 3½ mil fra Dunkerque. Sidste gang vi var ved fronten var oppe ved Bryssel, en kort tid før skytningen ophørte. Vort regiment var ikke inde i frontlinjen den sidste dag. Jeg har merkelig nok gaat gjennom alle vore angrep uten en gang at bli saaret, men har dog mistet mange av mine bedste kamerater. Det synes litt rart at komme tilbake fra fronten og at alt er stille og rolig. Det ser frygtelig ut rundt omkring, byerne ligger i ruiner og landskapet er omgjort til kirkegaarde.

Vi var lang tid ved Argonnerfronten, rundt Verdun. Søndagen 29. september mistet vi størsteparten av vort kompani; vi stormet en landsby og drev tyskerne ut derfra.

Men av 225 mand, var vi kun 60 tilbake. Jeg kan ikke skjønne, hvordan jeg kunde gaa gjennom det alt, uten at faa det mindste saar«

Iver L. Barkved

— Iver L. Barkved, fra Barkved i Ryfylke, var i tre maaneder ved fronten, hvor han blev saaret 10. oktober; han laa en tid paa hospitalet i Frankrig og kom i slutten av november til Newyork. Hans far fik fra det amerikanske hospital meddelelse om, at Iver var saaret og at man skulde holde ham underrettet, hvis hans helbred blev alvorlig truet. Iver skrev selv og fortalte, at han hadde faat 3 saar, et i leggen, et i hodet og en kule gjennom venstre pekefinger. Ingen av saarene var alvorlige og han var snart frisk igjen. Han hadde været sammen med Iver Iversen og Gabriel Olsen, begge fra Ryfylke.

— Casper Martin Olsen, Borup, Minnesota (i Frankrig). Forældre Hans Olsen Tjøsheim, Strand, og hustru Hanna, født Løvaas, Riskekverven.

Det ble dessverre ikke plass til Hjelmelandsbuer denne gang.

Forsandbuer 1. WW del6

— Ragnvald Birkedal er født 17. december 1889 i Høgsfjord av forældre avdøde gaardbruker Enok Birkedal og gjenlevende hustru Rakel. Han gik ind paa underofficerskolen, men sluttet der efter ca. 2 aars ophold, og reiste vaaren 1910 til Amerika, hvor han den meste tid har opholdt sig i Chicago og drevet med tømmermandsarbeide. Han blev indrullert i den amerikanske armé, og avreiste.

— Martin Luther Auestad, Grafton, N. D. Far Luther Auestad, Gjesdal.
— Hans B. Løvig, Jasper County, Iowa. Forældre Hans og Bertha Løvig, Høgsfjord. (Faren død).

— Alfred P. Løvaas, Borup, Minnesota (i Frankrig). Forældre Andreas og Helene Løvaas, Riskekverven.
— Ole K. Vier, Borup, Minnesota (i Frankrig). Forældre Cornelius og Martha K. Vier, Riskekverven.

— Sersjant George Marsellus Gitlesen, Malta, Illinois. Forældre Ole Gitlesen, Lyse, Forsand, og hustru Marie, født Nerebø.

CARICA



Carica AS – Cruiseeksperten

Vi har cruise over hele verden

Jakob Askelands vei 9, 4391 Sandnes
Tlf. 51 63 74 00, post@carica.no

www.carica.no - Gratis parkering



Innlegg fra medlemmer ...om:

Julefeiring - hos noen av medlemmene.

*

Dette året feira me julaften og 1. juledag sammen med ungane på Roaldsøy v/Stavanger. Hadde det koselig tross vind og regn.

Nissen kom og på besøk.

Helsin Turid og Jan.

*

Julen 2013 fekk me besøk av barn og barnebarn. Veldig gildt å få samlas på denne høgtid og kunne gledes sammen. Helsing Tormod L. Nag.

*

22. desember 2013 hadde me heile familien samla, 4 barn, 3 svigersønner og 9 barnebarn. Ein koselig dag der me utveksla gåver. Og barne leikte og hadde det kjekt. Anna Børkja.

*

Jula er tradisjonelt ei familiehøgtid hjå oss. Julafta vart feira med ein del av familien. 2 barn og 2 barnebarn + "oss gamle".

1. juledag auka selskapet med dattera og familien, 2. juledag var heile familien samla - 15 i alt.

Ei fredelig og tradisjonell julefeiring hjå oss.

Sigbjørn Schmidt.

*

Ett av barnebarna våre ble i år spurt av Strandbuen om tradisjon i jula. Hun svarte at tradisjonen er kinderfuglen i skogen i Bjørheimsbygd. Ingen forstod dette med kinderfuglen.

Kinderfuglen legger kinderegg på forhånd, nok til alle barna.

Hos oss er det tradisjon å samles lørdag før jul for å hogge juletre. Kommer alle, er vi 41 med stort og smått.

Like sikkert er det at kinderfuglen har lagt egg, enten i trærne eller i et reir under et tre, til stor spenning for alle de små.

Når alle har funnet sitt juletre koser vi oss med risgrøt med mandler i.

Godwin.

Takk til Astrid Sagård som har sendt e-mail om dette.

Red.

Ryf. Lodge -aktiv.plan våren 2014

*

Innbydelse 30 års jubileum

12. februar har vi årsmøte på Vaulali. Se aktiviteter på siste side av dette blad.

12. mars på Vaulali. Eline Øydvinn forteller fra/om NY-maraton

9. april på Årdal skole. Lokalhistorie med lokale krefter.

14. mai på Vaulali Ingebjørg Tungland, tema 17. mai fra sitt hjemsted

21. juni båttur til Rosendal. Påmelding

6. juli på Olabu. Familietreff – med værforbehold.



Viking Lodge fyller 30 år

Vi har den glede å invitere til fest på
Utsikten Hotell, Kvinesdal

lørdag den 8. mars kl. 19.00.

Velkomstdrink, tre retters middag med kaffe

Levende musikk med anledning til en svingom
kr. 600,00

Påmelding innen 25. februar til Helga Narvestad på tlf.: 38354584 eller
hnar@frisurf.no

Betaling for festen overføres konto nr. 3080 34 19473.

Vennligst merk innbetalingen med navn.



For dere som trenger overnatting kan dere bestille direkte til hotellet på tlf. 38358800 eller

booking@utsiktenhotell.no.

Oppgi at dere skal på jubileumsfesten så får dere dobbeltrom for 995,- og enkeltrom for 795,-.

Vi ser fram til en hyggelig fest, og håper at mange av våre SON`s venner vil delta.

Hjertelig velkommen.

Gratulerer. Minneord.



Vi gratulerer
så hjertelig med dagen i
Februar

Odd Riskedal	2.
Johannes Bråtveit	4.
Olav Almenningen	14.
Terje Iversen	16.
Borghild Mosnes	18.
Olav Østerhus	23.
Sam Speer	24.

Minneord

Gerd Torunn Melberg er død 70 år gammel.

Gerd Torunn vart enke i 1986 og vart sjølv angripen av kreft for 15 år sidan. Det gjekk bra den gongen og ho vart erklært frisk. Men i fjor haust slo kreften til på ny og livet sto ikkje til å redda.

2. januar 2014 døydde ho.

Gerd Torunn var ein av dei trufaste medlemme i Ryfylke lodge. Ho vart medlem 1.1. 1999 og var medlem til sin død. Me lyser fred over Gerd Torunn Tengedal Melberg sitt minne.


Sigbjørn Schmidt
President Ryfylke Lodge

IDÉ – banken

Har du en god idé eller et godt forslag om noe vi kan benytte oss av i Ryf. Lodge?

Ta kontakt med presidenten -
Sigbjørn Schmidt
4137 Årdal i Ryfylke
s.schmidt@online.no

Tlf. 51752446 / 95267992



Sigbjørn Schmidt forteller fra sitt liv og virke

Styret i Ryfylke lodge er blitt oppfordra til å skriva litt om seg sjølv i medlemsbladet. Det er ikkje lett for ein Ryfylking å skriva om seg sjølv! I alle høve ikkje for meg! Men eg får vel "hiva meg utpå".

Jan Langvik hadde ein flott framstilling av sitt liv og virke i siste medlemsmøtet. Eg vil velja ei tilnerming som minner om hans og prøva å knytta dette opp mot endringar i tidsrommet eg har opplevd.

Eg vart fødd 21.08. 1941 i Årdal. Krigsåra hugsar eg ikkje mykje av. Første minnet er knytta til fredsdagane i 1945. Alle flaggstengene låg nede – "for å malast" i krigsåra. 8. mai gjekk dei mann av huse på Mele for å hjelpa kvarandre med å reisa flaggstengene og heisa flagget. Det gjorde inntrykk på ein fire år gammal pjokk!

Eit anna minne, frå litt seinare på sommaren, er at ein engelsk motortorpedobåt kom inn til Årdal og sette i land Nils Mæle. Han var i England under krigen og var m.a. med under landgangen i Normandie.



Sigbjørn Schmidt

Eg vaks opp på gard og dagleglivet arta seg nokså ulikt frå i dag. Straumforsyning fekk me frå eit lite kraftverk på Svadberg. Det forsynte heile den nedre delen av bygda og kapasiteten var ein brøkdell av behovet. Abonnementet var på vippe. Det vil seia at vart belastninga større enn avtalt, så byrja lyset å blinka. Då var det å springa for å slå av straum slik at det roa seg att. Kyrne vart handmjølka heilt til me fekk straum frå Lyse først på 50 talet. Då kom mjølkemaskina på kvart eit gardsbruk. Hesten var trekk kraft, dei første traktorane var ått av entreprenørar som gjekk på leigekjøring over heile bygda. Dei sov lite i onnene! Etter kvart kom det traktor på dei fleste gardane. Eit av dei redskapane me sette mest pris på var høysvansen. Ungdom i dag veit knapt kva ein høysvans er, men den revolusjonerte inntransport av høy! Seinare kom forhaustar og silo, noko som endra somrane våre totalt frå høyberging/hesjing det meste av sommaren til hektisk arbeid i etter måten korte periodar. Kanhenda den største "velferdsforbetring" eg opplevde i mi tid som bonde.

Midt på 50 talet byrja eg på realskule på Sand. Reisa dit gjekk med buss frå Årdal til Tau i 7 tida om morgonen, så båt til Stavanger, ankomst om lag kl 9.00. Deretter var det å gå og venta til utpå ettermiddag om lag kl 15.00, så båt frå Stavanger i om lag 4 timar til Sand. Ei reise på om lag 12 timar tilsaman. Me gjekk på skulen seks dagar i veka. Det gjorde at heimreise var umulig unntatt haustferie, jul og påske.

Andre året mitt på Sand var det så mange elevar frå Hjelmeland og Årdal at me organiserte heimreise to – tre helger. Me fylgde då ein "melkebåt" som kom dagleg med melkespann frå Erfjord og Jelsa til Sand meieri. Den gjekk på ettermiddagen frå Sand, var oppom alt som fanst av kaiar i Sandsfjorden og på Jelsalandet. Båten gjorde så ein liten omveg oppom Knutsvik på Jøsneset og sette oss av der. Derfrå gjekk me to – tre kilometer til Nesvik. Der kom Osvold Sæbø og henta oss med skyssbåten sin over til Hjelmeland. Slik kom me oss heim til i sju tida om kvelden på laurdag. Så var det avreise seint på ettermiddag søndag for å nå ein båt som gjekk frå Stavanger i åttetida om kvelden og var på Sand litt over midnatt.

Me klagar på kommunikasjonane i dag, men mykje har blitt bedre!!

Verneplikta vart avtent i Luftforsvaret som flymekanikar. Ei minneverdig hending frå den tida er at to fly for første gong skulle landa på Svalbard om vinteren. Eg var såkalla Crew chief assistent på eit av to Albatross fly som for første gang skulle landa på ei flystripe rydda i snøen i Adventdalen i februar 1962. Før den tid var post blitt sendt til Svalbard om vinteren med Forsvaret sine Catalina fly, og kasta ut frå lufta over Adventdalen.

Me hadde ein flott tur i låg høgd og fint vær langs heile norskekysten opp til Andenes. Der vart me, to Crew chief assistentar saman med ein reporter frå NRK, sett av. Flya vart lasta så fulle dei kunne med post og anna, mannskapet vart utstyrt med overlevingsdrakter, og så drog dei, mens me sat att og venta. I dag er ein tur til Svalbard ei grei reise, sommar som vinter.

I mitt yrkesaktive liv som bonde vart eg tidleg engasjert som tillitsmann i ulike samvirkeorganisasjonar. Aller mest innafor kjøttamvirket. Det var ein utruleg interessant og lærerik periode. Ein var i skjæringspunktet mellom industridrift, økonomi og politikk. Før 1989 var landbruk og landbrukspolitik eit nasjonalt tema, der handelspolitikk og utanrikspolitik var i den samanheng eit - "ikkje tema".

Etter at WTO avtalen vart inngått midt på 1990 talet og EØS avtalen om lag samstundes vart sett i om lag verk, er svært mykje av rammene for norsk landbrukspolitik og handelspolitikk styrt av internasjonale avtaler. Å fylgja desse prosessane frå orkesterplass var spennande og interessant. Til tider og frustrerande når ting gjekk ein imot. Det gav meg og høve til å sjå litt av landbruk i andre land. Land med svært ulike føresetnader for landbruksproduksjon og svært ulike økonomiske føresetnader. Det gir rom for mange refleksjonar som det ikkje er plass til her. Berre ei siste påminning: *Me lever på ei "grøn grein" og det meste av det me klagar på er uvesentleg sett i høve til korleis dei aller - aller fleste andre har det!*

Sigbjørn



Gammelt-nytt fra avisen "Minnesota Posten" nr 36-2. årgang

Trykket i Minneapolis 7. august 1958

Artiklene i "Minnesota Posten" ble trykket på norsk og engelsk. De som var på engelsk, blir på engelsk også her i medlemsbladet. Tilsvarende for de som var på norsk.

LØRDAGSFRI HVER FJORTENDE DAG? - ET EKSPERIMENT VED STATSKONTORENE

Et eksperiment med lørdagsfri hver fjortende dag som nå i disse dager drives ved de aller fleste kontorer i Statens sentral-administrasjon, vil sannsynligvis til neste år føre til alminnelig fri annen hver lørdag for alle som er tilknyttet statstjenesten.

Formannen for Statstjenestemannsforbundet, H. Jespersen, forteller til Morgenbladet at et par institusjoner begynte med fri annen hver lørdag allerede i fjor sommer. Til gjengjeld begynte funksjonærene en halv time tidligere om morgenen på alle andre arbeidsdager.

DET 'SJELLØSE' SLUKFISKET.

Selv med bind for øynene og ryggen mot vannet skal jeg påta meg å få fisk med det siste kastesluk-utstyret som er kommet på markedet, sier generalsekretær Knut Rom i Norges Jeger- og Fiskeforbund til Vest-Finnmark Arbeiderblad.

Dette "sjelløse" fisket har nå tatt slik overhånd at vi må få øynene opp for den truselen det representerer mot ferkvannsfisket, sier generalsekretæren.

Vi må ta et oppgjør om denne fiskeformen, fortsetter han. Det viser seg at av de 35.000 fiskestengene som selges her i landet hvert år, er bare 1600 fluestenger, resten kasteslukstenger.

Generalsekretæren sier at slukfisket har sin berettigelse i sjøen, men det er ikke sportsfiske for ferskvann, mener han.

HAUGESUND:

Man har nå praktisk talt ingen arbeidsledighet og venter at denne tilstand vil vare ved til ferien er avviklet.

NY HELIKOPTER-RUTE

Det første helikopter startet nylig i Haugesund for å fly til Sola ved Stavanger, og helikopter-prøveruten mellom de to byer ble dermed offisielt åpnet. Ruten skal foreløpig flys en uke og man har satt inn to maskiner. Flytiden er beregnet til 28 minutter slik at reisetiden forkortes med over to timer.

TRØNDEREN

En trondheimer hadde en dansk venn på besøk og dansken fikk se alle store ting i domens by, alt var makeløst.

Året etter var det trondheimerens tur og den danske venn viste ham rundt i København.

Omsider kom de til Det runde tårn, og dansken som var litt støtt over den manglende begeistring, sa:

- Dette har dere sgu igge make til i Trondheim.

- Men ha vi no hatt så hadd det vorre roinnar å ja, sa trønderen.

Notér deg

Vi minner om Tubfrim-innsamlingen som alltid pågår. Anna Olaug er nå kontaktperson i Ryfylke Lodge, og vi skal levere til henne før 1.mai.

Vi minner også om den annonserte vervekampanjen i desember nummeret :

VERVEKAMPANJE-Sons of Norway D8 **1.november 2013 – 31.mai 2014** - der du kan vinne :

1. premie: Gavebrev på 2 flybilletter til valgfri destinasjon i USA som Icelandair flyr.

Premien går til den som i perioden verver flest medlemmer, minimum 10 nye. Ved likt antall blir det trekning.

2. premie: SoN effekter + 20 flaxlodd til verdi kr. 1000,- ved verving av minimum 5 medlemmer.

3. premie: SoN effekter + 10 flaxlodd til verdi kr. 500,-



**UTDANNELSE
I NORGE ???**

For våre unge som skal utdanne seg, har Universitetet i Oslo noen kurser – se linker nedenfor.

New courses at ISS

We are offering two new exciting courses in 2014!

A Changing Arctic

This master's course will examine the natural environment of the Arctic, starting with its geological history through to the present day.

Participants will analyze how changes to this environment affect the political, economic and legal dynamics of the region.

Participants will also learn about the new knowledge of the Arctic's natural environment, the legal framework provided by the United Nations Convention on the Law of the Sea and how climatic changes may generate new opportunities, risks and governance challenges for Arctic states, communities and companies as well as wide range of non-Arctic stakeholders.

This course is offered in collaboration with the Centre for Earth Evolution and Dynamic (CEED), the Department of Political Science at UiO and the Scandinavian Institute of Maritime Law (UiO).

Course code: ISSMN4030

[Course times](#) • [Apply now!](#) See link below

<http://www.uio.no/english/studies/summerschool/new-courses/>

International Summer School

<http://www.uio.no/english/studies/summerschool/>

21 June - 1 August 2014

The International Summer School (ISS) offers intensive Master's and Bachelor's courses over six weeks. We welcome more than 550 students from Norway and from over 85 countries every year.

Note: Fra Cindy Olsen, Director Sons of Norway Foundation har vi mottatt e-mail, som nok i hovedsak er ment for USA-medlemmer

If you are a current Sons of Norway member, child or grandchild of a current member, you may qualify for one of our seven categories of college scholarships

Sons of Norway Foundation

scholarships applications are due March 1, 2014!

The process is done entirely on-line at

www.sonsofnorway.com/foundation

Returadresse:
SOLFRID ABRAHAMSEN
VARHAUGV. 9, 4120 TAU

Sendes til:

VELKOMMEN TIL ÅRSMØTE ONSDAG 12.02-2014 KL. 18.00 (merk tid og sted) PÅ VAULALI, BJØRHEIMSBYGD

Saker: - Valg av delegater til kongressen i Egersund. Valg av vararepresentanter.
- Årsberetning og regnskap. Vanlige møtesaker

Annet: - Lotteri

Som vanlig på årsmøter – tar vi med oss vår Pot-Luck

Velkommen til deg.

STYRET

	RYFYLKE bakeri & konditori Avd. JØRPELAND Bakeri tlf 51 74 72 87 Fax tlf 51 74 64 24 Kafé tlf 51 74 91 44 Brød og kaker - varmretter Åpent hverdager 08-16.30 Torsdag 08-19 Lørdag 08-15	JONSOKBERGET kafé Tlf 51 74 24 22 Åpent hver dag fra 11-15 Middag Torsdag er lomledag Ryfylke Kafé & Konditori Avd. Jonsokberget Tlf. 51 74 24 22	Avd. TAU Tlf. 51 74 38 08 Brød og kaker Åpent hverdager 08-16 Fredag 08-17 Lørdag 09-14	TAUTUNET kafé Tlf 51 74 23 40 Åpent hver dag 11-15 Middag Onsdag er lomledag Ryfylke Kafé & Konditori Avd. Tautunet Tlf. 51 74 23 40
-------------------------------------------------------------------------------------	-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------	---------------------------------------------------------------------------------------------------------------	---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------



OPPLEVELSESREISER TIL USA

SOLHEIM TOURS

Kristin og Terje Solheim

Mobil telefon: (+47) 90138683

Postadresse: Solheim Gård, 4820 Froland

E-post: tesolh2@online.no www.solheimtours.com